

Kommunestyret på Longva:
—Ny aldersheim trengst

3/6-80



Då kommunestyret hadde møte på Flem skule førre torsdag, nytta representantane høvet til ei synfaring på Kvileheimen på Longva, der dei med eigne augo fekk sjå kor skralt det står til med "eldrebustaden" på øya.

Styraren, Selma Ulla, visste kommunestyremedlemene rundt og orienterte om stoda både for pensjonærar og betjening. Ho hadde mange ting å setje fingeren på. For det første er romma altfor små, meinte ho, beint fram ei skam å by folk som skal ha det til hus og heim. Toalett-tilhøva er vanskelege og tungvinte – av den grunn har no kvar pensjonær sitt eige tørklosett inne på rommet.

Trongt er det også i gangar og korridorar, og trappene er så bratte og krong-

Kommunestyret på synfaring på Haram Kvileheim på Longva. Biletet talar for seg sjølv om kor trangt der er i gangane. Fremst til venstre ser vi styrar Selma Ulla, til høgre ordførar Peter Borgen.

lete at det er mest uråd å få ei båre opp eller ned, sa Selma Ulla. Så også for beettinga er det eit tungvint og arbeidskrevjande hus.

Det er semje både i kommunestyret og andre instansar om at Kvileheimen på Longva treng nybygg, og dette synet vart berre styrkt av synfaringa, gav mange av representantane uttrykk for.